



Irene Alvheim <irene.alvheim@gmail.com>

Brøyting

Irene Nærbø Wilhelmsen <Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no>

2. desember 2019 kl. 11:45

Til: Irene Alvheim <irene.alvheim@gmail.com>

Kopi: Martin Scheid Eikeland <martin.s.eikeland@gmail.com>, Rune Kilen <Rune.Kilen@lindas.kommune.no>, Atle Dingen <Atle.Dingen@lindas.kommune.no>, Arne Helgesen <Arne.Helgesen@lindas.kommune.no>, Line Merete Valle <Line.Valle@lindas.kommune.no>, Ketil Mikkelsen <ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no>

Hei Irene,

Litt info om VEG 4 i Midgardshøgda som er regulert som offentlig veg.

Det var ei synfaring på VEG 4 for ein del år tilbake, men då var det så mange manglar på og langs vegen at den ikkje var overtakbar.

Utbyggjar fekk krav om utbetringar dersom vegen skulle overtakast for kommunal drift.

Det har dessverre vore litt missoppfatning rundt om vegen offisielt var overtatt eller ikkje intern på vegavdelinga, noko eg no har fått vite at den ikkje er.

Formelt sett er difor ikkje denne vegen overtatt av Lindås kommune til kommunal drift og vedlikehald og vert i dag sett å som privat.

Så til spørsmåla dine:

Anders Valle har ikkje lenger brøytekontrakt med kommunen i dette området. Han har heller ikkje brøyta denne vegen for kommunen i den tida han var kontraktør.

Etter å ha snakka med han, har me forstått det slik at han var engasjert av velforeininga for å utføre dette arbeidet.

Pr. i dag er det difor eit privat ansvar å brøyte og vedlikehalde VEG 4. Me kan difor heller ikkje be driftsavdelinga om å setje ut fleire strøkassar i området.

Når det kjem til veglysa...

Det viste seg, etter BKK var på synfaring, at det er meir omfattande og at heile leidningsnettet må sjekkast for feil og manglar utover det som er synleg.

Lindås kommune har sendt saka vidare til utbyggjar som har det formelle ansvaret så lenge det ikkje er overført til velforeining (eller kommune for den kommunale biten).

Kommune er i tillegg sett på full stopp når det gjeld bruk av midlar og «spareblussen» føl oss over i Alver kommune.

Når utbyggjar har sendt inn stadfesting på at veglysanlegget er i orden, kan det diskuterast korleis ei eventuell fordeling av driftsutgifter skal handterast.

Det er allereie 214km kommunal veg i Lindås i dag og etter nyttår får vegavdelinga i Alver kommune vel 120km meir veg, til saman rundt 340km som skal ha del av drifts- og vedlikehaldsbudsjettet.

Med krav om innsparing og kampen om eit allereie strupa budsjett, er dessverre ikkje overtaking av ny veg og nye veglys det som har høgast prioritet.

Då det er utbyggjar som har det formelle ansvaret pr. i dag, vil vegavdelinga anbefale at velforeininga stiller krav i den retninga og.

Dette gjeld jo ikkje berre den offentleg regulerte vegen, men alle dei private vegane i feltet.

Med mangel på ressursar og lite midlar har dessverre ikkje kommunen kapasitet eller meir midlar vegavdelinga kan bruke på noverande tidspunkt.

Det var sikkert ikkje dette svaret du ville ha, men slik er dessverre situasjonen pr. i dag.

Dette er ei privatrettsleg sak mellom utbyggjar og de som bur i området.


Ha ein fin dag!

Beste helsing

Irene Wilhelmsen | Ingeniør - vegavdelinga

E-post: irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 98 | **Mobil:** +47 994 66 658

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



[Sisert tekst skjult]